




Haraldsplass
Diakonale Sykehus



VID



Høgskulen
på Vestlandet



HELSE BERGEN
Haukeland universitetssjukehus

Målsetting og kriterier for kombinerte stillingar, 2022-2024

Målsetting med dei kombinerte stillingane skal vere å

- Vere framtidsretta
- Auke kvalitet og relevans i utdanning både på høgskule og i sjukehus
- Bygge bru og skape større forståing mellom utdanningsstad og praksisfelt
- Styrke samarbeidet om studentane sin kliniske praksis
- Bidra til at studentane opplev størst mogleg grad av samanheng mellom den teoretiske utdanninga og det som skjer i den praktiske kvardagen

Særlig aktuelle tema for perioda er

- Vidareutvikle og kvalitetssikre praksisarenaer og praksismodellar i sjukehuset
- Bruk av simuleringsbaserte læringsaktivitetar (SBLA) for studentar. Helst bør SBLA inkludere tverrfagleg teamarbeid.

Søknadsfrist: 1. mai

Kriterier for tildeling av utviklingsmidlane i perioda 2022-2024

- A. Aktuelle kandidatar til stillingane er medarbeidarar ved Høgskulen på Vestlandet (HVL campus Bergen), VID vitenskapelige høgskole (campus Bergen), Haukeland universitetssjukehus (HUS) og Haraldsplass diakonale sjukehus (HDS) innan faga sjukepleie, radiografi, fysioterapi, ergoterapi, bioingeniør, sosionom og vernepleie. Midlane skal primært nyttast på bachelornivå.
- B. Søknaden skal bestå av 2 stillingar: ein kandidat med fast stilling frå føretak (20-40 % frikjøp) og ein kandidat med fast stilling frå høgskule (20-40 % frikjøp) som skal jobbe saman i par for å oppnå målsettinga med prosjektet. Heile tilsetjingsforholdet vil vere hos hovudarbeidsgjever. Det er eit krav at minimum ein av kandidatane har masterkompetanse.
- C. Tydelig leiarforankring i begge organisasjonar er nødvendig.
- D. Søknaden må utarbeidast i fellesskap mellom dei fagmiljøa/einingane på skulen og sjukehus som skal samarbeide om dei kombinerte stillingane. Det er dei respektive leiarar som skal stå som ansvarleg for søknaden om midlar til stillinga. Leiarane vil ha ansvar for å følge opp

kandidatane og prosjektet. Dei kombinerte stillingane skal nyttast til arbeid som kan bidra til å oppnå den overordna målsettinga.

- E. Søknaden skal innehalde:
- a. Skildring av målsetting
 - b. Plan for gjennomføring (inkludert tiltak, arbeidsoppgåver, arbeidsmåte, framdriftsplan og forankring undervegs)
 - c. Plan for evaluering
 - d. Plan for vidareføring etter prosjektperioda.

Sjå gjerne til modell for kvalitetsforbetring ved utforming av søknaden [HER](#)

- F. Ved behandling av søknadane blir det lagt vekt på:
- a. Kvalitet på søknaden:
 - i. I kva grad gir planen eit godt grunnlag for å få gjennomført aktivitetane og nå måla / nyttiggjere resultat.
 - ii. I kva grad har søknaden relevans for tema.
 - b. At søknaden er i tråd med målsetting for dei kombinerte stillingane.

Praktisk organisering av arbeidet i kombinert stilling

20-40 % av fast stilling blir kjøpt fri frå tildelte midlar slik at tid kan frigjerast til oppgåvene skildra i søknaden. Heile tilsetjingsforholdet vil vere hos hovudarbeidsgjevar. Frikjøp skal dekke reell lønn inkludert sosiale kostnader til frikjøp i 20-40 % stilling i perioda 1.september 2022 til 15.juni 2024 Ved tildeling av midlar vert det sett krav om rapportering halvvegs (sommar 2023) og ved avslutning av arbeidet (sommar 2024). Kandidatane må og setje av tid til å delta i felles nettverksmøter saman med dei andre som har fått midlar.